



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	19.06.2025
Møtetid:	09:00 - -16:40
Møtestad:	Knarvik - Helsehuset, Nordhordland

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	medlem	AP	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Astrid N Sylta	medlem	AP	
Sara Sekkingstad	ordfører	SP	
Nina Bognøy	varaordfører	AP	
Ingrid Fjeldsbø	medlem	H	
Pål Inge Fosse Hopland	medlem	AP	
Torgeir Andvik	medlem	SP	
Irene Stendal Østerbø	medlem	VIP	
Lasse Turøy	medlem	SV	
Mary-Ann Mostraum	medlem	FRP	
Stian Lavik	medlem	KRF	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	Møtte tom sak 105/25
Dyrkolbotn			
Kjell Idar Vangberg	medlem	AP	
Matias Hatland Våge	medlem	AP	
Kari Solveig Sæthre	medlem	SV	
Ida Rambech	medlem	H	

Sean Røskeland	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	
Joakim Byrknes	medlem	KRF	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Olav Steinar Namtvedt	medlem	SP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	
Geir Nilssen	medlem	VIP	
Øyvind Bratshaug	medlem	SP	
Bjørnar Smørdal	medlem	R	
Grindheim			
Esben Helland	medlem	FRP	
Helge Henanger	medlem	H	
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	Gjekk etter handsaming av sak 85/25

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Nils Marton Aadland	MEDL	H
Astrid Aarhus Byrknes	MEDL	KRF
Jon Askeland	MEDL	SP
Marie Mostraum	MEDL	FRP
Marius Hellan Hindenes	MEDL	V
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP
Leif Johnsen	MEDL	MDG
Svenning Asgeir Bjørke	MEDL	KRF
Henning Fyllingsnes	MEDL	H
Olav Myhr	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Silje Ottesen	varamedlem	H	
Stevnebø			
Sølvi Vatnøy	varamedlem	KRF	
Leif Taule	varamedlem	SP	
Tommy Øvretveit	varamedlem	FRP	
Ingrid Hindenes	varamedlem	V	Gjekk under handsaming av sak 106/25
Monika Soltveit	varamedlem	SP	Gjekk under handsaming av sak 106/25
Gabrielli			
Trude Hosøy	varamedlem	MDG	
Andersen			
Karina Borgen Solen	varamedlem	H	
Jon Vidar Sakseide	varamedlem	KRF	
Elin Irene Klausen	varamedlem	KRF	
Helge Fjellanger	varamedlem	V	Møtte frå sak 106/25
Anne Grete Eide	varamedlem	AP	Møtte fom sak 106/25

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen

Avdelingsleiar

Christian Fredrik Fotland

Kommunedirektør

Jarle Landås

Kommunalsjef

Silje Andvik Hoaas

Andris Hamre

Arne Eikefet

Ola Viken Stalund

Eirik Bouwer Utne

Inger Marie Jordal

Kristin Moe

Tenesteleiar

Kommunalsjef

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Tove Mette Arnø Fyllingen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 81/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 82/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 22.05.2025	
PS 83/25	Oppfølging av vedtatt barnehage - og skulebruksplan - Myking skule	
PS 84/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim Skule	
PS 85/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Austebygd skule og barnehage	
PS 86/25	Søknad om ekstraordinært driftstilskot - Lyngheisenteret	
PS 87/25	Språkbruksplan for Alver kommune	
PS 88/25	Miljøløftet - handlingsprogram 2026-2029 - lokalpolitisk behandling	
PS 89/25	Høyringsuttale frå Alver kommune på forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion	
PS 90/25	Revisjon: Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse	
PS 91/25	Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034	
PS 92/25	Utbygging heildøgnbaserte omsorgsbustadar	
PS 93/25	Årsmelding 2024 Alver kommune	
PS 94/25	Årsrekneskap 2024 Alver kommune	
PS 95/25	Økonomisk rapport 1.tertial 2025	
PS 96/25	Sommarfullmakt ordførar	
PS 97/25	Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon	

PS 98/25	Søknad om permisjon frå politiske verv - Anna Maria Hatland	
PS 99/25	Søknad om permisjon frå politiske verv - Marie Mostraum	
PS 100/25	Endring medlem valnemnda	
PS 101/25	Detaljregulering for Børøy - 2. gongs handsaming	
PS 102/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 103/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a - *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 104/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 105/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter 7a- ***** *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 106/25	Godkjenning av framforhandla salsavtale - Kvassnesvegen 29/39	Offl. § 23 4. ledd
PS 107/25	Melding/orientering til kommunestyret	
RS 16/25	<i>Høyringsuttale - Prehospital plan i Helse Bergen 2025-2035</i>	
RS 17/25	<i>Vedtak etter krav om lovlegkontroll - Skulenedleggingar i Alver kommune</i>	

PS 81/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innkalling og saksliste vart godkjent, samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 82/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 22.05.2025

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 83/25 Oppfølging av vedtatt barnehage - og skulebruksplan - Myking skule

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Framlegg frå AP, SP, SV, VIP, R og MDG:

1. Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Alver kommunestyre sel Myking skule med tilhøyrande uteområde til Myking Bygdelag Trivselgrenda for 30 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.
4. Utstyr som kommunen ikkje har behov for til eiga drift, skal følgje med i overdraginga.
5. Utvendige leikeapparat på skuleplassen skal følgje med i overdraging.

Framlegget fekk 22 røyster (8 SP, 7 AP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG), mot 19 røyster.

Framlegg frå KRF, H, V og FRP:

1. Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.
 2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
 3. Alver Kommune sel bygningsmassen med tilhøyrande uteområde på Myking Skule til Myking Bygdelag Trivselgrenda for kr1.- Skulen vert overteke så snart det er mogeleg etter skuleslutt juni 2025.
 4. Alt materiell og utstyr som har vore i bruk på skulen dette skuleåret, og som kommunen ikkje har trong for, skal overtakast saman med bygningsmassen.
- Framlegget fekk 19 røyster og fall, mot 22 røyster.

Framlegget fekk 19 røster og fall (6 KRF, 6 FRP, 6 H og 1 V), mot 22 røyster.

Innstillinga frå formannskapet fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

1. Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Alver kommunestyre sel Myking skule med tilhøyrande uteområde til Myking Bygdelag Trivselgrenda for 30 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.
4. Utstyr som kommunen ikkje har behov for til eiga drift, skal følgje med i overdraginga.
5. Utvendige leikeapparat på skuleplassen skal følgje med i overdraging.

PS 84/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim Skule

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Spørsmål Frå I.Hindenes-V om vurdering av habilitet som styreleiar i Kløvheim skulekorps, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil i denne saka.

Framlegg frå T.Øvretveit-FRP:

Saka vert utsett.

Framlegget fekk 6 røyster og fall (alle FRP)

Framlegg frå AP, SP, SV, VIP, R og MDG:

1. Eigedommen kan avhendast før arealdelen til kommuneplanen er vedteke.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Lag og organisasjonar med tilknyting til bygda skal få moglegheit til å overta bygg med tilhøyrande eigedom. Kommunestyret ber kommunedirektøren ta direkte kontakt med lag og organisasjonar som har tilknyting til bygda for å kartleggje kva ønskjer dei har for skulebygget, og kva for løysingar som er moglege å gjennomføra.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak for kommunestyret etter dialog med lag og organisasjonar i bygda. I saka skal dei ulike alternativa frå dialogen mellom kommunen og bygda koma fram.
5. Kommunestyret ser at bygda har eit sterkt eigarskap til ballbingen. Kommunestyret ønskjer at ballbingen vert til bruk for bygda, og at den fortrinnsvis skal liggja der den ligg i dag.
6. Aktivitet som er i bygget i dag, som korpsøving med meir, kan fortsetja som før, fram til det er avgjort kva som skal skje med bygget.

Framlegget vart vedteke med 23 røyster (8 SP, 7 AP, 3 VIP, 2 SV, 1 R, 1 MDG og T.Øvretveit-FRP) mot 17 røyster.

Innstillinga frå formannskapet fekk 17 røyster og fall (6 KRF, 5 FRP, 6 H) mot 23 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

1. Eigedommen kan avhendast før arealdelen til kommuneplanen er vedteke.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Lag og organisasjonar med tilknyting til bygda skal få moglegheit til å overta bygg med tilhøyrande eigedom. Kommunestyret ber kommunedirektøren ta direkte kontakt med lag og organisasjonar som har tilknyting til bygda for å kartleggje kva ønskjer dei har for skulebygget, og kva for løysingar som er moglege å gjennomføra.

4. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak for kommunestyret etter dialog med lag og organisasjonar i bygda. I saka skal dei ulike alternativa frå dialogen mellom kommunen og bygda koma fram.
5. Kommunestyret ser at bygda har eit sterkt eigarskap til ballbingen. Kommunestyret ønskjer at ballbingen vert til bruk for bygda, og at den fortrinnsvis skal liggja der den ligg i dag.
6. Aktivitet som er i bygget i dag, som korpsøving med meir, kan fortsetja som før, fram til det er avgjort kva som skal skje med bygget.

PS 85/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Austebygd skule og barnehage

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå formannskapet fekk 4 røyster og fall (E.Helland-FRP, M.A.Mostraum-FRP, T.Øvretveit-FRP og G.Nilssen-VIP) mot 37 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren å gå i dialog med lag og organisasjonar med tilknytning til bygda for å kartleggje kva ynskjer/behov dei har for skulebygget og barnehagebygget.

Dersom lag og organisasjonar kan nytte skulebygget til formål som er i tråd med grunneigarane sine ynskjer, vil kommunestyret be kommunedirektøren gå i dialog med grunneigar og lag og organisasjonar for å overføre bygningsmassen og festeavtalen.

Det må òg undersøkjast om ein på andre måtar kan unngå å riva bygningsmassen, av økonomiske og praktiske årsakar.

Alle eventuelle alternativ må vera avklart med grunneigar og eventuelle endringar i festeavtale må gjerast.

Framlegget vart vedteke med 39 røyster, mot 2 røyster (E.Helland-FRP og M.A.Mostraum-FRP)

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunestyret ber kommunedirektøren å gå i dialog med lag og organisasjonar med tilknytning til bygda for å kartleggje kva ynskjer/behov dei har for skulebygget og barnehagebygget.

Dersom lag og organisasjonar kan nytte skulebygget til formål som er i tråd med grunneigarane sine ynskjer, vil kommunestyret be kommunedirektøren gå i dialog med grunneigar og lag og organisasjonar for å overføre bygningsmassen og festeavtalen.

Det må òg undersøkjast om ein på andre måtar kan unngå å riva bygningsmassen, av økonomiske og praktiske årsakar.

Alle eventuelle alternativ må vera avklart med grunneigar og eventuelle endringar i festeavtale må gjerast.

PS 86/25 Søknad om ekstraordinært driftstilskot - Lyngheisenteret

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Framlegg om val av setteordførar, Torgeir Andvik, i denne saka. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Spørsmål om habilitet frå:

- Sara Sekkingstad-SP som styreleiar i Museumssenteret Hordaland.
- Nina Bognøy-AP som styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at S.Sekkingstad og N.Bognøy er inhabile i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Alver kommunestyre godkjenner tilskot kr 200 000 til Museumssenteret i Hordaland, til drift av Lyngheisenteret. Vilkår og pliktar går fram av Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune. Tilskotet vert finansiert over disposisjonsfondet.

PS 87/25 Språkbruksplan for Alver kommune

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber om at følgjande tekst vert innarbeida i planen:

Dei tre tradisjonelle målmerka for Alver kommune er a-infinitiv, vert og me. Dette er viktige identitetsmarkørar for kulturarven vår og viktig for identiteten til strilar og strilamålet i området.

Den beste måten å ta vare på målmerka, er gjennom bruk, både i talemål og skriftmål.

Framlegget fekk 12 røyster og fall (K.Murberg-SP, L.Taule--SP, M.Gabrielli-SP, O.S.Namtvedt-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP, V.Villanger-SP, Ø.Bratshaug-SP, G.Nilssen-VIP, B.Grindheim-R, I.Hindenes-V og T.H.Ansersen-MDG), mot 28 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Legge til i siste punkt under 5. Tiltak, Skule og barnehage:

... vaksenopplæringa i 2026.

Framlegget fekk 12 røyster og fall (K.Murberg-SP, L.Taule--SP, M.Gabrielli-SP, O.S.Namtvedt-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP, V.Villanger-SP, Ø.Bratshaug-SP, G.Nilssen-VIP, B.Grindheim-R, I.Hindenes-V og T.H.Ansersen-MDG), mot 28 røyster.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 38 røyster, mot 2 røyster (S.Hauge-AP og J.V.Sakseide-KRF)

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

- Kommunestyret vedtar språkbruksplan med tilhøyrande handlingsdel for Alver kommune.

- Planen skal reviderast etter fire år.

PS 88/25 Miljøløftet - handlingsprogram 2026-2029 - lokalpolitisk behandling

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029

PS 89/25 Høyringsuttale frå Alver kommune på forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Alver kommunestyre legg fram høyringsuttale til forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion slik det går fram av saka.

PS 90/25 Revisjon: Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunestyret gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse for Alver kommune.

PS 91/25 Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

«Kommunestyret vedtar revidert tiltaksplan for vatn og avløp 2025-2034. Planen skal innarbeidast i økonomiplan investering 2026-2029.»

PS 92/25 Utbygging heildøgnbaserte omsorgsbustadar

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Kommunedirektøren får i fullmakt å gå i dialog med interessentar om bygging og drift av heildøgnbaserte omsorgsbustader.

Samarbeidsavtalar vert å leggje fram til politisk handsaming.

Framlegget fekk 19 røyster og fall (6 KRF, 6 FRP, 6 H og 1 V), mot 21 røyster.

Framlegg frå L.Turøy-SV:

Fjerne "i utgangspunktet"

Framlegget fekk 6 røyster og fall (M.Gabrielli-SP, P.I.Hopland-AP, S.Hauge-AP, K.S.Sæthre-SV, L.Turøy-SV og B.Grindheim-R), mot 34 røyster.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 21 røyster (8 SP, 7 AP, 2 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG)

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunedirektøren får i fullmakt å gå i dialog med interessentar om bygging og drift av heildøgnbaserte omsorgsbustader.

Samarbeidsavtalar vert å leggje fram til politisk handsaming.

Helsetenestene skal i utgangspunktet verta drifta av kommunen sine tilsette.

PS 93/25 Årsmelding 2024 Alver kommune**Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunestyret tek årsmeldinga for Alver kommune for 2024 til orientering.

PS 94/25 Årsrekneskap 2024 Alver kommune**Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sitt årsrekneskap for 2024

PS 95/25 Økonomisk rapport 1.tertial 2025**Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

1.Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. tertial 2025 til orientering.

2.Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2025 slik det går fram av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)" og "Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)".

Kommunestyret vedtek bevilgningsoversikt og endringar slik det framgår av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)", "Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" i 1. tertialrapport.

Sum av endringsframlegga inneber at netto driftsresultat er redusert med 6,9 mill. kr, frå minus 56,0 mill. kr til minus 62,9 mill. kr.

3.Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2025 slik det går fram av "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investeringar

(2B) pr prosjekt".

I sum vert investeringsutgiftene redusert med 89,7 mill. kr frå 582,4 mill. kr til 492,7 mill. kr.

Endring i finansiering:

- a. Bruk av lånemidlar vert redusert med 106,3 mill. kr.
- b. Kompensasjon for meirverdiavgift vert redusert med 3,1 mill. kr.
- c. Tilskot frå andre vert auka med 19,7 mill. kr.

4. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd vert redusert med 800 000 kr som følgje av ny tenesteytingsavtale knytt til kontorlokale til Kyrkjetoget på Frekhaug. Motpost er tilsvarande auka budsjett til eigedomsforvaltning for leige av lokala.

5. Finansrapport per 1. tertial 2025 vert tatt til orientering.

Alver kommune tildeler Tommy Urhaug kr. 50 000,- i årleg støtte fram til Paralympics 2028 i Los Angeles, gjeldande frå 2025. Endringa finansieres med midlar fra disposisjonfond.

PS 96/25 Sommarfullmakt ordførar

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betyding i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt)
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller til det utval som har avgjerdsmunde.
- PS 97/25 Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møte:

Settemedlem til administrasjonsutvalet: Torgeir Andvik,

Settenestleiar i administrasjonsutvalet: Torgeir Andvik.

Settemedlem i Alver formannskap Leif Taule.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Settemedlem til administrasjonsutvalet: Torgeir Andvik,

Settenestleiar i Administrasjonsutvalet: Torgeir Andvik.

Settemedlem i Alver formannskap Leif Taule.

PS 98/25 Søknad om permisjon frå politiske verv - Anna Maria Hatland

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Anna Maria Hatland får permisjon få alle politiske verv til 1.juni 2027.

PS 99/25 Søknad om permisjon frå politiske verv - Marie Mostraum

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Det var stilt spørsmål om habilitet frå M.A.Mostraum-FRP som mor til søkar.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil i denne saka.

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Marie Mostraum blir innvilga permisjon frå alle politiske verv frå og med 19.06.2025 til og med 30.06.2026.

Som settemedlem i utval for levekår blir Nina Stabell Øvreås vald.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Marie Mostraum blir innvilga permisjon frå alle politiske verv frå og med 19.06.2025 til og med 30.06.2026.

Som settemedlem i utval for levekår blir Nina Stabell Øvreås vald.

PS 100/25 Endring medlem valnemnda

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Pål Inge Fosse Hopland går inn som nestleiar i valnemnda, Nina Bognøy vert varamedlem.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Pål Inge Fosse Hopland går inn som nestleiar i valnemnda, Nina Bognøy vert varamedlem.

PS 101/25 Detaljregulering for Børøy - 2. gongs handsaming

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Børøy gbnr. 58/15 mfl., PlanID 46312021008, som vist på plankart sist datert 14.05.2025 og med føresegner av revisjonsdato 14.05.2025 med følgjande endringar:

1.Føresegn 3.2.2 supplerast med kulepunkt:

oTrappeforbindelsane i felt GG skal ha god intern samanheng både i utforming og materialbruk, og tilpassast forventa ferdsel.

2.Illustrasjonsplan må oppdaterast slik at den viser maks utnytting av tomtearealet, dvs. hytter med grunnflate = 150 m2.

Endringane skal oppdaterast i samsvar med kommunestyrets vedtak før kunngjering av reguleringsplan.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas §§ 12–12, jf. 12-11.»

PS 102/25 Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****

PS 103/25 Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a - *****

PS 104/25 Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****

PS 105/25 Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter 7a- *****

PS 106/25 Godkjenning av framforhandla salsavtale - Kvassnesvegen
29/39

PS 107/25 Melding/orientering til kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.06.2025:

Meldingane vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025:

Meldinga er teke til orientering.